

Gode Samarbeidspartnarar!

Sesongen 2018 er godt i gong. Etter eit vellukka NM i terrengløp i april, har endeleg banesesongen komme i gong. Sesongen opna på Fana Stadion 11.-12.mai. Her klinka både Magnus Reigstad, Frank Odin Niyokindi og Fredrik Blichfeldt til med persar. Frank Odin med den sterke tida 11.68. Med dette vann han Gneistspelen gutar 16 år.



På FRAMO-lekene, 1.-3.juni, hadde Osterøy ein stor tropp. Her stilte bl.a

Team Batti opp med eit fyldig 800m-heat. «Den raude arme» frå Osterøy fylte nesten eit heilt heat åleine 😊 Ungdommen markerte seg sjølvsgagt, og både Magnus R, Frank Odin og Marie tok heim kvar sin siger. Elles gjorde Elise Vevle(12 år) ein super innsats og persa både i lengde og 60m.



Og same helg var Sigrid i Florø og kasta 59.29. Med dette vann ho, og var igjen over EM-kravet.

Torsdag 7.juni debuterte Sigrid i Diamond League og fekk ein strålende 4.plass. Her kasta ho 61.11. Og laurdag 16.juni kasta ho 60.49 på Tyrvingleikane i Oslo. Pr i dag er ho nr. 15 i verda, og har med desse flotte resultatata fått invitasjonar til Diamond League i Lausanne 5.juli og Diamond League i London 21.juli. Ho er med andre ord i verdas største stevnesirkus 😊






Og som om ikkje Det var nok, byrjar no Kjetil Stokke og kaste langt også. Med flotte 57.53 i Strandebarm 17.juni er han berre 47 cm frå NM-kravet. Dette håpar me han tar før august 😊

I Strandebarm sprang også to av jentene våre rekordfort. Marianne F. Mjelde og Maria Mostrøm perser begge på 800m med tidene 2.25 og 2.20 på 800m 😊



Me har og behørgt markert idrettslaget sitt 100-årsjubileum. Det har vore arrangert bornas dag, vore jubileumsfest og det står no ei utstilling på museet som viser noko av klubben si rikhaldige historie. I tillegg er det ei jubileumsbok som kjem like rundt hjørnet.

I tillegg til mykje god aktivitet, må det og vedlikehaldast og byggjast ut. Her eit lite bilete frå utstyrsboden i klubbhuset, som no skal få seg nye hyller laga av superveteranane våre 😊



Igjen, tusen takk for at de vel å støtta friidrettsgruppa vår. Det gror godt, og det er mykje idretts glede som skal oppnås gjennom sesongen.

Me ynskjer dykk alle ein strålende sumar i vente 😊

Mvh Helga Reigstad